

Møteprotokoll for Formannskapet

Møtedato: 29.03.2023
Møtestad: Heradsstyresalen - Rådhuset Lonevåg
Møtetid: kl. 13:00 - 16:30

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Lars Fjeldstad	SP	Ordfører
Hjalti Heimir Gislason	H	Varaordfører
Rita Aud Tveiten	AP	Medlem
Berit Moslett Borge	H	Medlem
Turid Bjørndal Njåstad	SP	Medlem
Siren Tyssebotn	FRP	Medlem
Ragnar Tyssebotn	FRP	Medlem
Jarle Skeidsvoll	KRF	Medlem

Forfall meldt frå medlem	Parti	Rolle
Alexander Thunestvedt	AP	Medlem

Frammøtte varamedlemmer	Parti	Erstattar medlem
Johannes Haugland	SP	Alexander Thunestvedt

**Følgjande frå administrasjonen møtte: Rådmannen, Kommunalsjef for samfunnsutvikling,
Prosjektkoordinator, politisk-adm.sekretariat**

Sakliste

Saknr	Tittel
016/23	Godkjenning av innkalling og sakliste
017/23	Godkjenning av møtebok
018/23	Referatsaker og meldingar
019/23	Nytt varmeanlegg Osterøytunet
020/23	Retningslinjer for etablering av flyktingar
021/23	Kleiveland Gard - utviding av skjenkeareal på eksisterande skjenkeløynet for perioden 2020-2024
022/23	Andre saker/spørsmål

Orientering frå rådmann

Ny kommunalsjef på plass denne veka.

Leiar for teknisk forvaltning og plan begynner 11 april.

Omsorg +

Vi er i gang med planlegginga.

Kapasitet i omsorg

Heimetenesta og Osterøytunet. Framleis vakansar og mangel på fagkompetanse.

Vi har framleis bruk for plassane på Samnangerheimen.

Legesituasjonen

Vi har inngått ny avtale med legevikar på Valestrand legekontor, vedkomande er spesialist og tek til over påske. Vi vonar dette skal medverke til å bedre situasjonen ved legekantoret.

Vanskeleg å gjere permanente og meir langsiktige grep grunna situasjonen. På sikt kan det vere ei løysing at kommunen kjøper lista og opprettar 2 nye heimlar med 800 pasientar pr liste. Utfordringa er at listene fort kan bli fylt opp av folk frå Bergen grunna legemangel der.

Statnett

Ynskjer konkrete innspel til heradsstyremøte 12 april:

- Kva skal dei svare ut? Kva lurer politikarar og innbyggjarar på?

Nedre verkane

Status for saka kring sikring av eigedomar. Vi har skriftleg dialog med grunneigarane sin advokat.

Mjelstad deponi

Status for planarbeidet.

Rådmann har hatt separate møte med Statsforvaltar, BIR og konsulentane deira. BIR har levert eit utkast til reguleringsplan. Vi har nokre merknader til framlegget. Mellom anna har vi utfordra BIR til å sjå på ny trase for sigevassledning då den som ligg i planframlegget no er lite ynskjeleg sett frå

kommunen si side. Usikkert når planen kjem til politisk handsaming, men vi opplever å ha god dialog og meiner vi skal få til gode løysingar.

Tiktok, Telegram m.v

Felles strategi kring bruken av desse løysingane for alle kommunar i regi av IKTNH og DI-NH.

Korleis føl vi opp investeringsprosjekt

Månadleg møte med alle prosjektleiarar og økonomi.

Byggjemøter med byggjeleiar og entreprenør.

Løpande rekneskapsversikt.

Framdrift VA prosjekt

Grave- og framføringsløyve langs fylkesvegar.

Ledige stillingar og Aktuelle kandidatar

Rådgjevar landbruk: 9 søkjarar, lite aktuelle kandidatar.

Rådgjevar plan: 11 søkjarar, 2-3 aktuelle.

Leiar teknisk drift: 3 aktuelle via rekrutteringsbyrå.

2 rektorar har sagt opp; Osterøy ungdomskule og Fotlandsvåg skule.

016/23: Godkjenning av innkalling og sakliste

Rådmannen sitt framlegg:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

29.03.2023 FORMANNSKAPET

Ordføraren varsla sak om 250-meterskogen til sak 022/23.

Hjalti H. Gislason, H, varsla to spørsmål til sak 022/23 om eigarskapstilhøve på Tysse Kai og om rapportering på investeringsprosjekt.

Ragnar Tyssebotn, FRP, varsla to spørsmål til sak 022/23 om landbruk og parkeringsplassen på Valestrand.

Det var ingen merknader til innkalling og sakliste

FS - 016/23 VEDTAK:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

017/23: Godkjenning av møtebok

Rådmannen sitt framlegg:

Møteprotokoll frå 15.02.2023 vert godkjend.

29.03.2023 FORMANNSKAPET

Det var ingen merknader til møtebok

FS - 017/23 VEDTAK:

Møteprotokoll frå 15.02.2023 vert godkjend.

018/23: Referatsaker og meldingar

Rådmannen sitt framlegg:

"Referatsakene vert tekne til vitande."

29.03.2023 FORMANNSKAPET

Det var ingen merknader til referatsakene

FS - 018/23 VEDTAK:

Referatsakene vert tekne til vitande.

019/23: Nytt varmeanlegg Osterøytunet

Rådmannen sitt framlegg:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Osterøy kommune set i gang prosjektet med utskifting av varmeanlegg på Osterøytunet til bergvarmeanlegg med borehol og varmepumpe snarast, og med ei ferdigstilling innan fristen som er gitt frå Husbanken.
2. Det må gjerast ei vurdering på om anlegget også skal dimensjonerast for også å levera varme til Opro AS, eller om dei skal ha sitt eige anlegg.
3. Endeleg finansiering kjem rådmannen attende til når det er henta inn prisar.

29.03.2023 FORMANNSKAPET

Ragnar Tyssebotn, FRP, satte fram slikt tilleggsframlegg:

"Rådmannen sitt framlegg vert vedteke med følgjande tillegg: For å kunne hente ut ytterlegare potensiale for enegribesparing for Osterøytunet og evetuelet sal av energi skal administrasjonen førebu sak for formannskap og heradsstyret der solveller og solfangarutstyr vert vurdert og utgreia. Oppgradering av flisanlegg bør og vurderast og inngå i utgreiinga, alternativt med flistørkingsanlegg i tillegg.

Grunngjeving:

Det er svært positivt at denne saka kjem opp. Me ser at dette vil kunne gje eit innsparingspotensiale på sikt og at dette er eit bra tiltak for å kutte kommunen sine samla energikostnader. I mange slike tilfeller er det likevel fornuftig å kombinere bergvarme med andre energikjelder som til dømes solfangarutstyr for å kunne nytte solenergi på sommarhalvåret, og vedlikehalde bertemperaturen på dagar med overproduksjon. Ved kun bruk av bergvarme til fjellet etter hvart kunne fryse til, og ein får då ei dårlegare virkningsgrad på anlegget enn det som ein kunne hatt emd kombinasjonsanlegg. Solveller har vist seg å være ei fornuftig investering på fleire kommunale bygg, og difor bør dette og vurderast. Me legg og til at det bør vurderast oppgradering av fyanlegget. Dette anlegget har tent kommunen bra i mange år, og er modent for utskifting. Denne teknologien er vorte utvikla bra mykje sidan anlegget vart sett i drift, og det er godt mogleg at dette kan gje ei økonomisk og teneleg løysing for framtida. Alle forslaga må vurderast opp mot framtidig tilknytning til Omsorg Pluss prosjektet."

Hjalti H. Gislason, H, satte fram slikt endringsframlegg:

"Punkt 2 vert endra til: Anlegget skal dimensjonerast for også å levera varme til Opro AS."

Ordføraren satte fram slikt tilleggsframlegg:

"Etter prosjektet er fullført ynskjer formannskapet eige sak på neste steg rundt energieffektivisering på Osterøytunet. Solfangarar/solcelle og andre løysingar skal vurderast."

AVRØYSTING:

Hjalti H. Gislason, H, sitt endringsframlegget fall - 4 røyster (2H, 2FRP) mot 5 røyster (3SP, 1AP, 1KRF)

Ragnar Tyssebotn, FRP, sitt tilleggsframlegg fall - 3 røyster (1H, 2FRP) mot 6 røyster (1H, 3SP, 1AP, 1KRF)

Ordføraren sitt tilleggsframlegg vert vedteke - samrøystes

Rådmannen sitt framlegg vert vedteke - samrøystes

FS - 019/23 VEDTAK:

1. Osterøy kommune set i gang prosjektet med utskifting av varmeanlegg på Osterøytunet til bergvarmeanlegg med borehol og varmepumpe snarast, og med ei ferdigstilling innan fristen som er gitt frå Husbanken.
2. Det må gjerast ei vurdering på om anlegget også skal dimensjonerast for også å levera varme til Opro AS, eller om dei skal ha sitt eige anlegg.
3. Endeleg finansiering kjem rådmannen attende til når det er henta inn prisar.
4. Etter prosjektet er fullført ynskjer formannskapet eige sak på neste steg rundt energieffektivisering på Osterøytunet. Solfangarar/solcelle og andre løysingar skal vurderast.

020/23: Retningslinjer for etablering av flyktningar

Rådmannen sitt framlegg:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Retningslinjene vert vedteke slik dei ligg føre.

29.03.2023 FORMANNSKAPET

Formannskapet ønskjer å invitere Osterøy integrerings- og læringscenter (OIL) til neste formannskapsmøte for orientering om handteringen av flyktningar.

AVRØYSTING:

Samrøystes vedteke

FS - 020/23 VEDTAK:

Retningslinjene vert vedteke slik dei ligg føre

021/23: Kleiveland Gard - utviding av skjenkeareal på eksisterande skjenkeløvet for perioden 2020-2024

Rådmannen sitt framlegg:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

“I medhald av alkohollova §§ 1-4a og b, 1-6, 1-7, 1-7a, 1-7b, 1-7c, 4-2 og 4-4 vert det gitt skjenkeløyve for alkoholhaldig drikk, gruppe 1 og 2 for Kleiveland Gard 1.etg “Fjøset”.

Løyvehavar: Kleiveland Gard, org.nr 915 633 935.
Dagleg leiar: Erling Kleiveland, f. 23.07.45
Styrar: Erling Kleiveland.
Stedfortredar Ingfrid Andersen, f. 02.03.50 vert godkjende.
Type verksemd: Selskapslokale/gardsturisme/servering

Skjenketid alkohol gruppe 1 og 2: kl. 08.00 – kl. 01.00.

Løyveperiode: 12.04.2023 – 30.09.2024.”

29.03.2023 FORMANNSKAPET

AVRØYSTING:

Samrøystes vedteke

FS - 021/23 VEDTAK:

I medhald av alkohollova §§ 1-4a og b, 1-6, 1-7, 1-7a, 1-7b, 1-7c, 4-2 og 4-4 vert det gitt skjenkeløyve for alkoholhaldig drikk, gruppe 1 og 2 for Kleiveland Gard 1.etg "Fjøset".

Løyvehavar: Kleiveland Gard, org.nr 915 633 935.
Dagleg leiar: Erling Kleiveland, f. 23.07.45
Styrar: Erling Kleiveland.
Stedfortredar Ingfrid Andersen, f. 02.03.50 vert godkjende.
Type verksemd: Selskapslokale/gardsturisme/servering

Skjenketid alkohol gruppe 1 og 2: kl. 08.00 – kl. 01.00.

Løyveperiode: 12.04.2023 – 30.09.2024.

022/23: Andre saker/spørsmål

29.03.2023 FORMANNSKAPET

Ordføraren stilte slikt spørsmål til formannskapet: Er formannskapet for at kommunen gjer ein tilsvarande avtale med Valestrand Grendalag slik ein gjorde på "Neset" på Bruvik med Bruvik Grendalag.

Formannskapet ga samrøystes aksept til å inngå ein slik avtale. Det vart ikkje gjort noko vedtak i saka.

Hjalti H. Gislason, H, satte fram slikt spørsmål:

"Osterøy formannskap ber om løpande rapportering på pågåande investeringsprosjekt med samla budsjett over 5 millionar. Rapporteringa skal vere som meldingssak og ta seg føre framdrift og

utgifter i høve vedteke budsjett. Ved oppstart av prosjekt og ved særskilde tilhøve eller avvik vil formannskapet ønskje ei munnleg orientering i byjinga av møte."

Rådmannen ga slikt svar:

Det vert ordna med løpande rapportering på alle investeringsprosjekta i kommunen, uavhengig av prosektstorleik. Denne rapporten vert gitt som ein meldingssak til formannskapet kvart møte framover.

Hjalti H. Gislason, H, satte fram slikt framlegg:

"Osterøy formannskap ber Osterøy kommune om å avklara grunneigartilhøve i området på Tysse som er avgrensa av elva i vest, Tyssevika (fjorden) i nord, fylkesvegen i sør, og bygning nummer 175950206 i aust."

AVRØYSTING:

Hjalti H. Gislason sitt framlegg vart samrøystes vedteke

Ragnar Tyssebotn, FRP, hadde slik merknad:

"Når no landbrukskontoret manglar mannskap har det synt seg vanskeleg å få tak i kvalifisert personell. Me veit og at det er utfordrande på eit så lite kontor å få dekkja fagkompetanse på alle spesialområda som dette kontoret skal handsame med eit svært begrensa mannskap. I formannskapsmøte i januar vart det teke til orde for å forsøke å få til eit interkommunalt samarbeid i landbruk, skog og viltsaker. Rådmannen opplyste seinare til Heradstyret at det var vurdert slik at me måtte lyse ut sjølve. I førre planmøte opplyste rådmannen at det var vanskeleg å få tak i kvalifisert personell og fristen måtte utvidast. Ein opplyser og at i Junimøtet i fjor, gjorde planutvalet vedtak om at det skulle hentast inn kompetanse på vilt og skogforvaltning fordi det var trong for å styrke kompetansen på felta. Rådmannen bør difor straks gå i dialog med nabokommunane om å få til eit interkommunalt samarbeid eller vertskommunesamarbeid på heile landbruks, vilt og skogforvaltninga.

Kan rådmannen undersøkje om det er mogleg å få til eit vertskommunesamarbeid eller interkommunalt samarbeid vedrørande landbruk, skog og viltsaker i første omgang med nabokommune/kommunar. Det bør og undersøkast om heile eller deler av dette kan kjøpast frå anna kommune."

Ragnar Tyssebotn, FRP, hadde slikt spørsmål:

Kan rådmannen unnskyldje for feilinformasjon som har vorte gitt i saka om busslomma på Valestrand.

Rådmanen ga slikt svar:

Eg meiner at eg har informert rett i saka. Eg kan ikkje uttale meg noko meir i denne saka før det er avklart om den går rett til retten. Dette etter råd frå vår advokat. Eg håper at formannskapet vil ha forståing for og respektere dette.

FS - 022/23 VEDTAK:

Osterøy formannskap ber Osterøy kommune om å avklara grunneigartilhøve i området på Tysse som

er avgrensa av elva i vest, Tyssevika (fjorden) i nord, fylkesvegen i sør, og bygning nummer 175950206 i aust.

Til å skriva under møteprotokollen saman med ordførar vart desse valde: Siren Tyssebotn og Johannes Haugland

Lonevåg, 29.03.2023

Runar Ludvigsen
Sekretær